
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 27. mars 2017 09:58
Til: 'tonny@byggteamvest.no'
Emne: Vedr. førespurnad om Flatøy skule

Hei

Viser til førespurnad om Flatøy skule.

Eigedomen er omfatta av Reguleringsplan for Flatøy sør/aust og er satt av til område for offentlege bygg. I følgje planføresegn 4 a) skal området nyttast til skule.

Viss bygget skal brukast til forsamlingslokale, må det søkjast om bruksendring, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 20-1 bokstav d). For slik søknad er det krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3. Dei vil då vurdere brannsikkerheita.

Ettersom ein bruk av forsamlingslokale er i strid med arealformålet offentlege bygg, må det søkjast om dispensasjon, jf. tbl § 19-2 andre ledd. I arealdelen til kommuneplanen er område satt av til offentleg og privat tjenesteyting. Bruk av bygget som forsamlingslokale vil vere i samsvar med dette arealformålet. Administrasjonen er difor positivt innstilt til ein dispensasjon i dette tilfellet.

Bruksendring og dispensasjon kostar kr 33 400,-. Administrasjonen vil vurdere ein søknad om redusert gebyr i dette tilfellet, men det må søkjast om særskilt, jf. gebyrregulativet pkt. 4.12.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

